



## VEDTEKTER FOR SUND KOMMUNALE BARNEHAGAR

Vedtekne i kommunestyret 19.06.2012

### 1. FØREMÅL

Barnehagane skal fremje lokal kultur og lokalt ordtilfang hos barna.

Lov om barnehagar - 19.des 2008, §1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

### 2. LOV OG REGELVERK

Barnehagen vert driven i samsvar med "Lov om barnehagar" etter gjeldande føresegner og retningsliner, etter "Rammeplan for barnehagen", samt kommunale planar og barnehagen sine planar.

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er sett saman av alle foreldre/føresette.

Samarbeidsutvalet er sett saman av eit likt tal representantar for foreldra og dei tilsette, og vert vald for eit år om gongen. Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal fastsette årsplanen for barnehagen si pedagogiske verksemd. Samarbeidsutvalet skal ha seg førelagt, og ha rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og tilhøvet til foreldra.

### 3. EIGARTILHØVE

Sund kommune eig dei kommunale barnehagane.  
Kommunestyret er overordna styringsorgan.

### 4. OPPTAKSMYNDE

Sund kommune har samorda opptak for kommunale og private barnehagar.  
Styranane står for opptaket. Administrative vedtak som er gjort etter delegasjon, kan ankast til politisk nivå etter forvaltningslova §28.

### 5. OPPTAK, OPPSEIING OG ENDRING AV Plass

Hovudopptaket er om våren. Søknadsfrist er sett til 15. mars. Nye søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert handsama etter kvart som dei kjem inn.

Tildelt plass gjeld frå han er tildelt og fram til barnet startar på skulen, opphaldstida vert endra eller til plassen vert sagt opp. Plassen kan seiast opp av begge partar med 1 måned oppseiingstid, gjeldande frå den 15 i månaden. Ved overflytting frå ein kommunal barnehage til ein annan, gjeld ikkje oppseiingstid.

Endring og/eller oppseiing av plass skal skje skriftleg.  
Endring og/ eller oppseiing av plass må skje innan 14.april. Ved oppseiing av plass etter 14. mai må ein betale for barnehageplassen ut barnehageåret.

Barn må vere busett i Sund kommune ved starten på barnehageåret for å ha rett på barnehageplass, med unntak av rekrutteringstiltak for kommunale stillingar.  
Ved flytting frå kommunen mister barnet plassen med 1. md. varsel. Vanlege oppseiingsreglar gjeld.

Nokre plassar vert ved hovudopptaket haldne av som ankeklassar.

### 6. PRIORITERING VED OPPTAK

Barnehagen må alltid ha ei basisgruppe, dvs. barn som ikkje treng særskilt hjelp og støtte, barn frå ulike sosiale lag og med ulik familiebakgrunn (ca 2/3 av barnegruppa).

Kommunestyret har med føresetnad om at tilfredsstillande dokumentasjon vert lagt fram, vedtatt prioritet for følgjande grupper:

1. Barn med funksjonshemming/nedsett funksjonsevne, dersom barnet kan ha utbytte av opphald i barnehagen.
2. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd.
3. Barn i ein vanskeleg livssituasjon grunna sjukdom og liknande og/eller sosiale vanskar, eller som av andre grunnar har særlege behov.
4. Barn der begge foreldre er framandspråklege, med unntak av dansk og svensk.
5. Rekrutteringstiltak for kommunale stillingar.

6. Barn med lovfesta rett til barnehageplass. Dvs. barn som fyller 1 år innan utgangen av august, er busett i Sund kommune og har søkt innan fristen for hovudopptaket (jf. Lov om barnehagar §12).
7. Barn av einslege foreldre som er arbeidssøkjande, i arbeid eller utdanning.
8. Barn i krinsen.
9. Barn med plass i anna kommunalt barnehagetilbod.
10. Barn med søsken som har plass i barnehagen.
11. Barn sin alder, eldre barn har fortrinn framfor yngre barn.

Andre søkjarar enn dei som er nemnd ovanfor vert rangert etter skjønn.

Barn med plass i kommunal barnehage kan søke på nytt om overføring til anna kommunal barnehage. Søknad om overføring vert vurdert etter følgjande kriterium:

1. Barn med søsken i barnehagen.
2. 5- åringar som ønskjer tilbod i nærmiljøbarnehage siste året før skulestart.
3. Barn frå heimar som har betydelege vanskar m.o.t. å nytte barnehagetilbodet dei har med omsyn til lokalisering.

Opptakskringen for barnehagen er barn busett i Sund kommune i barnehageåret det er søkt for.

## 7. PERMISJON FRÅ BARNEPLASS

Det er høve til å søkja permisjon frå barnehageplassen for minimum 3 månader og maksimum 12 månader. Kriteria for betalingsfri permisjon er at barnehagen har søkjarar som kan nytte plassen i permisjonstida.

Frist for å søkje permisjon er 1 månad varsel, rekna frå den 15 i månaden.

## 8. OPNINGSTIDER /TILBOD

Barnehagen har opningstid 7.00-16.30. Eigar kan fastsette andre opningstider.

5 dagar (måndag – fredag)

3 dagar (måndag, onsdag, fredag)

2 dagar (tysdag, torsdag)

Barnehagen har sommarstengt dei 2 siste vekene i juli. Eigar kan fastsette ordning der ein av barnehagane har sommarope som eit samordna tilbod.

Barnehageåret startar 15. august. Kommunen tek betaling for 11 månader, alle barn skal derfor avvikle minst 4 veker ferie i løpet av året. 3 av ferievekene må avviklast samanhengande i tida 15. juni – 15. august. Den 4. ferieveka bør avviklast samanhengande og må meldast på førehand.

Barna må gje melding om sommarferie innan 15. april.

I løpet av barnehageåret er barnehagen stengt 5 dagar, der personalet har planleggingsdagar, samt helge – og høgtidsdagar, julaftan, og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00.

Open barnehage er eit tilbod for barn i følgje med foreldre eller andre omsorgspersonar. Tilbodet er gratis, men ein betaler matpengar. Tilbodet følgjer skuleruta.

## 9. BETALING

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga gjeldande frå 01.01. kvart år. Foreldra skal ha 1 måned skriftleg varsel om endring.

Ein betalingsperiode går frå den 15. i eine månaden til den 14. i neste.

Betaling skjer ved forfall den 20. kvar måned, og gjeld heile betalingsperioden sjølv om plassen ikkje vert nytta fullt ut.

Søskenmoderasjon vert gjeve med 30% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

Manglande betaling gjev grunnlag for oppseiing av barnehageplassen.

Ved 2 månaders restanse vert plassen sagt opp med 15 dagars varsel dersom ikkje heile restansen er betalt eller det ikkje er gjort avtale om betaling.

Ved overgang til nytt barnehageår er det ein føresetnad at ein ikkje har restanse til Sund kommune for å oppretthalde plassen.

Barnefamiliar med låg betalingsevne kan få vurdert fritak eller reduksjon i foreldrebetalinga ved å søke til kommunen.

Dersom ein i særskilde høve har behov for kjøp av ekstra tid, kan dette vurderast av styrar, innanfor barnehagen si ordinære opningstid.

Kjøp av ekstra tid kan ikkje gjevast som fast ordning.

Kommunestyret vedtek timesats for denne ordninga.

Opningstidene er kontraktfesta, ikkje overhalde er dette kontraktbrot og kan gje grunnlag for oppseiing. Det vert kravd betaling for ikkje overhalde opningstid.

Kommunestyret vedtek timesats for denne ordninga.

## 10. FORSIKRING

Barna har kollektiv ulukkesforsikring i den tida dei er i barnehagen, samt på direkte veg til og frå barnehagen.

Barnehagen er ikkje erstatningspliktig for klede, sko, briller eller gjenstandar barna har med seg, og som blir borte/øydelaagd i barnehagen sin opningstid.

## 11. INTERNKONTROLLSYSTEM

Barnehagen har utarbeidd system for helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (internkontrollhandbok).

## 12. AREALKRAV

Rettleiande norm for leike- og opphaldsarealet til barna:

Barn over 3 år: 4 kvadratmeter

Barn under 3 år: 5,5 kvadratmeter

Rettleiande norm for utearealet til barna:

Barn over 3 år: 24 kvadratmeter

Barn under 3 år: 33 kvadratmeter

### 13. ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

---